

Alver kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 05.04.2022

Vår ref.: 202205794-2 Oppgi ved førespurnad

Dykkar ref.: 22/865 - 22/20678

Sakshandsamar: Toralf Otnes

22 95 95 27 / toot@nve.no

NVE si fråsegn til søknad om dispensasjon frå reguleringsplan og kommunedelplan for Lindås for oppføring av fritidsbustad - Gnr. 239 bnr. 17 - Alver kommune

Vi viser til brev datert 11.03.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon for å føre opp fritidsbustad. I følgje oversendingsbrevet krev søknaden dispensasjon frå arealføremål i plan.

NVE har ingen merknad til dispensasjonsspørsmålet, men de må syte for at tiltaket oppnår tilstrekkeleg tryggleik mot naturfare.

I oversendingsbrevet syner de til at tiltaket ligg nedanfor marin grense, og medfører inngrep i sjøkant. De spør konkret om ei vurdering av om tiltak krev geologisk vurdering av grunn.

For å avklare eventuell fare for områdeskred av kvikkleire må de sjå til at skredfaren vert vurdert i samsvar med NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#).

Dersom det vert konstatert tilstrekkeleg tryggleik mot kvikkleireskred (jf. TEK17 kap. 7), må den ansvarleg prosjekterande også dokumentere konstruksjonssikkerheit (jf. TEK17 kapittel 10). I NVE rettleiar 1/2019 er det eit eige kapittel (kap. 2.8) om aktsemd i strandsona. Der står det at det kan vere svært vanskeleg å sjå konsekvensane av ei lokal overbelastning i sjø, og at skred i sjø kan utløysast i alle typar lausmassar. Difor rår rettleiaren til at det alltid vert gjennomført grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsona.

Ut over denne generelle rettleiinga har diverre ikkje NVE kapasitet til å vurdere konkret kva som må krevjast av dokumentasjon i den enkelte sak. Det er heller ikkje vår oppgåve.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Toralf Otnes
senioringeniør



Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakarliste:

Alver kommune

Kopimottakarliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND